Forskrift om skule- og feriedagar 2027- 2028, Giske kommune

Heimel: Fastsett av Kommunestyret i Giske kommune med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2027-2028. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Giske kommune skuleåret 2027-2028.

§ 2. Tabell for skuleruta 2027-2028

Månad	Kommentar	Skuledagar
August	Første skuledag: måndag 16. august 2027	12
September		22
Oktober	Haustferie veke 41: måndag 11. - fredag 15. oktober 2027	16
November		22
Desember	Siste skuledag før jul: tysdag 21. desember 2027	15
Januar	Første skuledag etter jul: tysdag 4. januar 2028	20
Februar	Vinterferie veke 8: måndag 21 - fredag 25. februar 2028	16
Mars		23
April	Påskeferie: måndag 10 - måndag 17. april 2028. Første skuledag etter påske: tysdag 18. april 2028	14
Mai	Fri måndag 1. mai, fri onsdag 17. mai, Kristi himmelfartsdag torsdag 25. mai, elevfri dag: fredag 26. mai 2028	19
juni	Fri 2. pinsedag måndag 5. juni, Siste skuledag: fredag 16. juni 2028	11
	Sum skuledagar	190